



Geir Ivar Merkesdal
Huldretråkket 66
5142 FYLLINGSDALEN

Referanser:
Dykkar:
Vår: 14/3414 - 14/12129

Saksbehandlar:
Bjarte Buanes
bjarte.buanes@meland.kommune.no

Dato:
14.08.2014

Førespurnad om opplysningar tilknytt bruk av gbnr. 27/44 i Meland kommune

Meland kommune si byggjesaksavdeling er gjort merksam på at det skal vere satt i verk byggjetiltak på gbnr. 27/44 – i form rehabilitering/ riving/gjenoppføring av hytte m/ tilhøyrande terrasse – utan at kommunen kan sjå å ha motteke søknad eller godkjent eit slikt tiltak etter Plan- og bygningsloven (pbl.).

Alle byggjetiltak er avhengig av godkjent søknad om byggjeløyve, jf. pbl. § 20-1, med mindre tiltaket er omfatta av unntaksføresegnene i pbl. §§ 20-3 eller 20-4. Søknadspliktige tiltak må i utgangspunktet omsøkjast, prosjekterast og utførast av eit kvalifisert føretak i samsvar med pbl. § 20-1 andre ledd, med mindre vilkåra for at tiltakshavar sjølv kan søke er til stades, jf. pbl. § 20-2.

Dersom opplysningane Meland kommune har motteke om påståtte byggjetiltak på gbnr. 27/44 er riktige, er tiltaket truleg avhengig av søknad og byggjeløyve, jf. pbl. § 20-1.

Ein føresetnad for at ein eventuell søknad om byggjeløyve vert godkjent er at tiltaket ikkje kjem i strid med gjeldande lov- og plangrunnlag. Administrasjonen gjer dertil merksam på at gbnr. 27/44 ligg i eit område som i kommuneplanen sin arealdel (KPA) er avsett til landbruks-, natur- og friluftsmål (LNF), og kor det gjeld eit generelt forbod mot andre byggjetiltak enn kva som er naudsynt av omsyn til stadbunden næring. Eit eventuelt byggjeløyve i dette området er dermed normalt avhengig av enten at KPA vert endra, at området vert regulert eller at det vert omsøkt og gitt naudsynt dispensasjon frå gjeldande arealmål i KPA. Vidare inneheld pbl. § 1-8 eit generelt forbod mot byggjetiltak innanfor 100-metersbeltet mot strandlina. Om tiltak skal plasserast nærmare strandlina enn 100m er byggjeløyve òg avhengig av dispensasjon frå byggjeforbodet i § 1-8.

Kommuneadministrasjonen har førebels ikkje vore på synfaring på staden eller teke stilling til om det faktisk er sett i verk noko ulovleg byggjetiltak på gbnr. 27/44, og ber difor i denne omgang om

Postadresse

postmottak@meland.kommune.no
Postboks 79, 5906 Frekhaug
Besøksadr: Havnevegen 41 A
5918 Frekhaug

Kontakt

www.meland.kommune.no
Telefon +47 56 17 10 00
Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 18 83722
Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: www.nordhordlandskart.no

dykkar tilbakemelding på om det i det heile tatt er utført slike tiltak på eigedomen som skildra over. Om byggjetiltak er utført, ber administrasjonen i tillegg om ei nærmare utgreiing om arbeida som er utførte.

Dersom det er utført byggjetiltak i strid med føresegner gitt i eller i medhald av Plan- og bygningsloven har kommunen ei plikt til å følgje dette opp, jf. pbl. 31-2. Om handsaming av ulovlege byggjetiltak vert det vist til reglane om oppfølging av ulovlege byggjetiltak i pbl. kap. 32.

Frist for tilbakemelding vert sett til 4.9.2014.

Med helsing

Bjarte Buanes
byggjesakskonsulent/juridisk rådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.